

INFORMASJON

HYRDINGRØYSTA

NR. 4/2023

DESEMBER

Grunnlagt 1938

84. årgang



*Kaldt og mørkt og lite sol
Såleis er det fram mot jol
Snø og is all jordi gøymer.
Allting ligg i lengt og drøymer.*



Elsa Norunn Håheim Nydal sine flotte bilete, som er utgangspunkt for dei vovne bileta som heng i Helgheim kyrkje.

Julehelsing frå redaksjonen

Snart ligg også dette året i minneboka, og vi nærmar oss den store høgtida, jula. Det er alltid ei spenning i førjulstida; korleis blir jula i år? Slik dei siste vekene i 2023 har vore, går ein høgtida i møte med blanda kjensler. Ekstra tragisk er det, at der grunnlaget for høgtida vart lagt, er tragedien stor for alle som bur der. Alle kan vi tenkje vårt om konflikten og ha meiningar, men vi kjenner nok ikkje alle fakta som skulle ligge i botnen for å komme til eit forlik. Mange ytrar seg og meiner dei har ei form for fasit, men konflikten synest fastlåst.

Vi bør likevel feire jula slik vi har gjort, med det bakteppet vi kjenner og som er grunnlag for julefeiringa. Julefeiringa byggjer på ein kristen bodskap, men og på gamle vintterblotskikkar. Mange meiner òg at ein ikkje bør feire når det er mange som ikkje har det godt. Det har vore slik alltid, at nokon er heldigare enn andre, men alle skal ikkje krype i driten for det. Vi kan hjelpe litt om vi har evne til det, og det er samvitte til kvar enkelt som skal avgjere, ikkje naboar, politikarar, venner eller andre som meiner dei har gode argument. Dei beste tankane om kva ein kan gjere, har dei fleste sjølve.

Jula er ei høgtid som kvar enkelt får feire som dei vil, sjølv om mange har meiningar om måten, og om kva naboen og andre gjer. Nokre vel å feire andre høgtider fordi dei har eit anna livssyn og andre tradisjonar, og no-

kre vel å ikkje feire. Men om ein ikkje feirar, kan ein vere venner, treffast og kose seg i vintermørket.

Vintermørke; i år kan vi få ei lys og fin jul om "værgudane" spelar på lag med våre ynskje. Det er fullmåne tredje juledag, og vek-sande måne gjev lyse kveldar og netter som ein kan nyte. Men fullmåne kan òg gje skikkeleg uvær, så vi får ta høgde for alt.

Framleis vert det skipa til julefest nokre stadar. Eit viktig samlingspunkt for dei som ynskjer å treffast, og ein grunn til å komme seg ut av godstolen eller vekk frå skjermar for ei stund.

Ein treng ingen god grunn for å gå på julefest, slik ein i dag trur ein må ha for å vitje naboar og venner, eller andre. Mange har sine fellesskap og trivst med det. Gjev deg likevel eit høve til å treffast i eit fellesskap der du er usikker på kven du møter og kva som skjer. Lat dei som er ungar og unge i dag få høve til å minnast julefestfellesskapet som noko fint, slik mange av oss som no er blitt gamle eller eldre gjer.

God jul til dykk alle.

KYRKJA I JØLSTER

KYRKJEKONTORET

☎ 57 82 81 80
Ope tysdag 9-15 : Tilsette kan treffast etter avtale også resten av veka.
post.iolster@sunnfjordkyrkja.no
www.kyrkja.no
www.facebook.com/kyrkeneijolster

HOVUDKONTORET I FØRDE

☎ 57828180
E-post: sunnfjord@sunnfjordkyrkja.no

Sunnfjord kyrkjelege fellesråd:
Niils Gjerland, leiar tlf.: 950 74 007

Ålhus sokn:
Irene Muren Knapstad tlf: 992 47 006

Helgheim sokn:
Astrid Aardalsbakke Feldt
☎ 416 84 368

Sokneprest Silje Sørebo
Kontortid etter avtale
☎ 473 99 492
silje.sorebo@sunnfjordkyrkja.no

Sekretær Toril Øye
Kontortid tysdagkl. 9-15
post.iolster@sunnfjordkyrkja.no

Kyrkjeverje
Sissel Vartdal
☎ 489 91 257
sissel.vartdal@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid etter avtale

Ass. kyrkjeverje
Trond Herløvsund
☎ 489 58 086
trond.herlosund@sunnfjordkyrkja.no

Kantor Rune Molvik
☎ 99127430
rune.molvik@sunnfjordkyrkja.no
Kontortid tysdag kl. 9-15

Kateket Ute Lindner
Kontortid etter avtale
☎ 489 58 165
ute.lindner@sunnfjordkyrkja.no

Driftsleiar Helge Årdal
☎ 97 64 90 16
epost: helge.ardal@sunnfjordkyrkja.no

Utleigenummer Misjonshuset på Skei
☎ 959 48 849

Utleige Vassenden kyrkjesenter
☎ 971 20 085

HYRDINGRØYSTA



KYRKJEBLAD FOR JØLSTER



Foto: Bjørgvin bispedømenkontor

JULEANDAKT

biskop RAGNHILD JEPSEN

EI STRIME AV VON

Djupt i mennesket ligg vona. For sjølv om vi ikkje alltid greier å sjå det, ligg krafta likevel djupt i oss; den som gjer at vi prøver å reise oss, gå eit steg vidare, løfte hovudet.

Mange stader i verda møter ein denne jula med fråvær av von. I land som er råka av krig og ufred, i områda som er truga av miljøkatastrofar og dei som bur der er usikre på om det er ei framtid der - vi veit at det er mange menneske som møter julehøgtida med frykt og sorg, snarare enn med glede og von.

Og likevel - framfor jula ber mange av oss på ei von midt i det vonlause. Vi vonar at jula blir god. Vi har tankar om korleis julefeiringa skal bli, og med ambisjonar om alt som skulle gjerast, alt som skulle bakast, alt som skulle ordnast av stort og smått. Men som vi kan skje ikkje kom heilt i mål med, og vi kjenner oss slitne. Ynsket om det perfekte vart ikkje oppfylt dette året heller.

Men er det noko den fyrste jula lærte oss, så var det at den ikkje var perfekt, i alle fall ikkje etter vår målestokk: Eit barn fødd i ein kald stall av ei ung, ugift mor, med dyr og ustelte gjetarar som dei fyrste gjestane.

Nei, det kan vel på ingen måte sciast å ha vore perfekt.

Jula femner om både det djupt menneskelege og det guddommelege. Den no avdøde artisten og låtskrivaren Hans-Erik Dyvik Husby sa det ein gong slik: Det er ein menneskeleg ting å falle. Men det er ein guddommeleg ting å reise seg att.

Det nyfødde barnet i krubba kom som ein vi kunne kjenne oss lik med, samstundes som han kom med oppreising og forvandling.

Dei to som no sit med barnet mellom hendene, Maria og Josef, som opplever dette underfulle og store dei knapt kan forstå, - dei sit med vona i fanget. For uansett kor merkeleg og usikkert alt må ha vore for dei, med eit barn som englane på himmelen seier er Guds son og med stjernetydande vismenn som seier at denne guten er ein konge; Maria og Josef har von for det nyfødde barnet!

Og sjølv om det meste i stallen og krubba i Betlehem er ulikt alt anna vi kan tenke oss; I dette er dei lik oss. For uansett kor vanskelege forholda er når eit barn blir fødd, om det

er alt det usikre, krig, svolt, ufred eller vald; og uansett kor lite vi veit om kva framtida bringer og kor mykje frykt vi har for dagane som skal kome: Med eit nyfødd barn kjem von - om det så berre er ei lita strime.

Og slik kjem Gud til oss. Som ei strime av von. Med ljøs i det aller mørkaste.

Jula er høgtida der vi feirar at vona vart gjeven til verda. Og at i den fyrste jula fekk verda del i bodskapen som har kraft i seg til å setje fangar fri, løyse band og bringe menneske saman. Gud deler våre kår. Jesus er saman med oss i det vi alle har til felles: Å vere barn. Å vere menneske. Å vere avhengige av andre. Å sorgje, å kjenne glede. Å bere på ei von.

I stallens kulde og mørke spring vona fram. Det sårbare barnet i krubba synt seg sterkare enn all jordisk makt. Den fyrste jula var eit vendepunkt i menneskets historie. Jula er den meste løfterike av alle høgtider. Ljoset og vona er komne til verda.

Difor er det ein guddommeleg ting å reise seg att.

HYRDINGRØYSTA

kjem ut med fire blad i året, og vert sendt til alle husstandar i Jølster som informasjon.

Ein giro på kr 250,- vert sendt ut med bladet ein gong i året. Betalinga er frivillig. Annonseren støttar bladet med kr 1000,- for fire annonser i fire nummer pr år.

For abonnentar utanom kommunen: kr 350,- pr år. Må tingast. Kontonummer til Hyrdingrøysta: 3703.30.09225. Bladet slit med økonomien så det er viktig at alle betalar. Alternativet er å legge ned bladet.

BLADSTYRET:

(mellombels)
Hildegunn Huus
Ingrid Søyland
epost: hildegso@online.no
soyland.ingrid@gmail.com
Neste nr. kjem i mars

FRIST

Frist for stoff til
hyrdingsrøysta 2024 :
Påskenummer 10. februar
Sommarnummer 25. mai
Hautnummer 2. september
Julenummer 23. november

I DENNE SPALTA tenkte vi at du kan skrive om eit dikt du likar. Skriv gjerne korleis du vart kjend med diktet, kvifor du likar det, om det påverkar deg på ein spesiell måte,

om du tykkjer det utfordrar deg, gjer deg glad, trist, eller gjer deg ettertenksam. Du kan sjølv velje om du vil presentere heile diktet eller berre nokre vers av det dersom

det er veldig langt. Så er det fint om du utfordrar nokon som kan presentere sitt dikt i neste nummer av bladet. (Legg ved eit bilete av deg sjølv.)



Denne gongen er det Alf Støfring som presenterer eit dikt han er glad i.

Møte med eit dikt

Tekst: ALF STØFRING

Foto: ELDBJØRG STØFRING

Det er vanskeleg å velje eit dikt eller ein song som ein likar når det er for mange av dei. Det er likevel slik at no framfor julehøgtida går tankane til songar knytta til jula. Ein av julesongane eg set stor pris på er Kling no klokka. Om eg lærde den i småskulen av Maria Husli eller av ho mor, hugsar eg ikkje, men eg har kunna den lenge. Teksten i songen speglar jula sitt bodskap klart og tydeleg, og melodien er fin og lett å synge.

Julafta var det spennande om det var lett bris frå aust, for då kunne vi høyre klokka frå tårnet

på gravplassen på Vassenden kl. 17.00. Då stod vi på tunet og lytta. Då vart alt arbeid utanom dyrestell lagt bort og det var helg - høghelg, Julehelg.

Som barn syntest eg det var stemningsfullt å vere på gudstene og høyre klokkene ringe. Lite ante eg då at eg som elev på folkehøgskulen i Sogndal skulle få i oppgave å slå dei ni klokkeslagga i Stedje kyrkje som markerte slutten på skulegudstenesta framfor jul. Eg må vedgå at eg framleis synest det er stemningsfullt med klokkene som ringer frå kyrkjertårna, så : Kling no Klokka, ring og lokka...

God jul

Kling no, klokka

Kling no, klokka! Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!
Tona om frelsa! kalla og helsa,
kalla og helsa med fred Guds born!
Kling no klokka! Ring og lokka,
ring og lokka frå tusen tårn!


Songar sæle, englemæle,
englemæle med livsæl ljod!
Far gjennom grender, strøym over strender,
strøym over strender som toneflod!
Songar sæle, englemæle,
englemæle med livsæl ljod!

Englar kveda: Høyr den gleda,
høyr den gleda som her er hend!
Ljoset er runne, livet er vunne,
livet er vunne: ein Frelsar send.
Englar kveda: Høyr den gleda,
høyr den gleda som her er hend!

Sæle stunder, store under,
store under og løyndoms skatt!
Møyi vart moder, Gud vart vår broder,
gud vart vår broder i jolenatt.
Sæle stunder, store under,
store under og løyndoms skatt.

Barn er bore. Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.
Anden no føder oss til hans brøder,
oss til hans brøder, Guds born som han.
Barn er bore. Barnekåret,
barnekåret ved det me vann.

Sjå det dagast, snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!
Då skal oss klokka leikande lokka,
leikande lokka til helg i sky.
Sjå, det dagast, snart det lagast,
snart det lagast til høgtid ny!



Altartavla i den gamle Helgheimkyrkja og den vakre kyrkjestaden på Helgheim

Av: JARLE HELGHEIM



Denne vakre barokk altartavla vart gjeven som gáve til Bergen Museum frá Helgheim sognestyre, 17.12.1904.

Teksten som ligg ved tavla i Bergen museum:

NK 36

Barok altertavle fra Helgheim kirke, Søndfjord. Midtfeltet viser korsfæstelsen. Korset i midten til Maria, tilhøire Johannes, alle fritstaaende mot en malet bakgrund, forestillende en østerlansk by med templer og fjelder. Rundt billedet en ramme, malet og utskaaret m. rankemotiv. Paa siden av rammen snoete fritstaaende søiler paa høie fotstykker med korintiske kapitæler. Utenfor dem ringer med voluter. Over billedet en frise med bladornamenter. Derover gesims med tandsnit og baaret av vingete englehoder. Paa gavlens top staar Christus paa en jordkule med høire haand oprakt. Paa hvert gavlens hjørner en kugle med 3 utstaaende, flammeligende fliker. Under midtbilledet gesims med bueoramenter og englehoder.

Paa postamentet følgende indskrift med forgyldte bokstaver: Gud til Ære och kirken til Zirar er dette af undertegnede Personer bekostet. Anders Finke, Lensmand Jens Nerebø 1 R, Hans Sandnes 1 R, Simon Sandnes 1 R, Hans Michlebost 1 R, Tollef Sunde 3 M, Bendix Lunde 3 M, Oluf Skrede 3 M, Johannes Møchlebøst 3 M, Daniel Ørdalen 3 M, Tollef Kiøsnæs 3 M, Rasmus Fond 3 M, Nels Møchlebost 3 M, Bendix Duesdalen 3 M, Lars Nerebø 3 M, Tollef Vigen 3 M, Knud Møchlebøst 3 M, Anders Kiøsnæs 3 M, Ole Ellingsen Vedeber 2 M, Jon Sygnesand 2 M, Anders Hus 2 M, Anders Eriksta 2 M, Nels Helgem 2 M, Hans Hus 1 O, Johannes Ripe 1 O, Erik Duesdalen 20 sk, Anbiørn Duesdalen 1 M, Ole Poulen 1 M, Knud Jakobsen Ørdal 1 M. 1681. De anførte bidrag udgjør 13 Rd. 3 M. 20 sk.

Aks: 1904: 148

Proveniens: Helgheim kirke, Sunnfjord. Gave fra Helgeim sognestyre 17.12.1904.

Tavla er frå 1666-67, måla i 1681. Ho hamna først på gallerigangen, før ho kom til Bergen museum. Ho står i dag på museet til Universitetet i Bergen, avdeling for kyrkjekunst, under spesielle klimatiske forhold med jamn temperatur og luftfukt.

Det har kome ønske frå fleire hald om å få ho tilbake til Helgheim kyrkje; men det vil neppe bli aktuelt. Her vil ho ikkje få dei jamne klimatiske forholda, og tavla vil ta skade.

Ho ville heller ikkje bli lett å plassere i kyrkja. (Tavla er 276 cm brei, 247 cm høg og 31 cm djup.)

Svein Ove Agdestein ved Universitetsmuseet, opplyste til meg at dei ved fleire liknande høve har tilrådd eit kunstfotografi av tavla til å plassere i den heimlege kyrkja. Tavla vert då fotografert seksjonsvis med svært høg oppløysing, og deretter vert desse sett saman til eit kunstferdig bilete. Eit slikt bilete med vakker råde ville høve godt i Helgheimkyrkja.

Den vakre kyrkjestaden på Helgheim

Nokre historiske linjer

Denne kyrkjestaden er vide kjend som ein av dei vakraste i landet.

Her i det opne landskapet på neset ved Jølstravatnet, med det spesielle morgonlyset frå breen lengst i aust, har folket i soknet i uminnelege tider sett kvarandre stemne. Her kom dei både etter vegen og over vatnet. Enno kan dei eldste hugse då båtane frå sørsida stemna over fjorden og vart dregne opp på kyrkjesanden.

Stadnamnet Helgheim, som tyder ein heilag stad, viser til ein kultstad for gudsdyrking og tilbeding lenge før kristen tid. Ein kan truleg leggje hovudtyngda av namneklassen -heim til romersk jernalder og folkevandringstid (kring Kr. f. - 600 e. Kr.).

Det vart sagt i min barndom, og det er rimleg å tru, at det har stått gudehov på Hel-

gheim i førkristen tid, og at det såleis her har vore gudsdyrking frå norrøn tid fram til i dag.

Steinkrossane var dei første kristne teikna i landet, før dei første steinkyrkjene vart bygde. Desse var kopiar av engelske og keltiske krossar (frå England, Irland og Skottland) som markerte at kristendomen var komen til landet. Her samla folket seg i den første kristne tida. Fleire av desse krossane som vart reiste på Vestlandet, stod høgt og fritt, godt synlege frå kysten, og vart ofte brukte som seglingsmerke.

Graver frå vikingtida viser at ein god del folk vart gravlagde med kristne symbol som krossar. Nyare metode med DNA-prøver av bein har vist funn frå 900-talet, kanskje alt frå 800-talet.

Ein har lenge meint at Noreg vart kristna i perioden 950 – 1030, ein epoke på 80 år frå Håkon den gode til Olav den heilage fall på Stiklestad. Ein nemner også at dette skjedde under dei tre kongane Håkon den gode, Olav Tryggvason og Olav den heilage.


Sokneprest Odd Stubhaug i Florø gjorde meg merksam på at biskop Fridtjov Birkeli, spesielt i si tid som pensjonist, forska på når kristendomen kom til Noreg, eller overgangen frå norrøn religion til kristendom på Vestlandet.

Munken Ansgar kom med kristendomen frå Tyskland til Danmark og Sverige. Han vart seinare vigd til erkebisp, først i Hamburg, sidan i Bremen. Han døydde i 865.

Ansgar kom ikkje til Noreg. Men vikingane i Vesterveg til Dei britiske øyane

Land, land, høyr Herrens ord

(Inskripsjon over døra til kyrkjeskipet i kyrkja vår i dag.)



Helgheim kyrkje, Foto Normann truleg 1925

og Frankrike hadde høyr om den kristne trua og «Kvite-Krist». Ein reknar såleis for sikkert at kristendomen kom til Noreg frå England, og at dette skjedde ei god tid før Håkon den gode var konge i Noreg (ca. 920-961), kanskje så tidleg som på 800-talet.

Den første kyrkja på Helgheim

Det er usikkert når den første kyrkja vart bygd her, men i 1322 varsla bispem i Bjørgvin at han vil ha visitas i Helgheim og Ållhus. Her er eit stort sprang i tid som vi veit lite om. I 1349 kom Svartedauden til landet, så dermed har det vore lite kunnskap å hente også frå tida etter.

Helgheimkyrkja som er nemnd i brevet frå bispem i 1322, kan vere den same som stod der tidleg på 1600-talet. Men då trur ein det har stått ei eldre kyrkje der før 1322. Altartavla frå 1660-åra som stod i «gamlekyrkja» på Helgheim, trur ein kan vise til ei tredje kyrkje på Helgheim, og at denne stod i godt og vel 200 år, fram mot kyrkja vår vart vigsla i 1877.

Kjelder:

Svein Ove Agdestein, Universitetet i Bergen (UM)
Yngve Nedrebo, Statsarkivet i Bergen
Odd Stubhaug, Florø
Kjartan Myklebust, Forde
Solfrid Huslid, Skei

Helgheim kyrkje 1877–1977, utgjeve ved hundreårsjubileet for kyrkja, skrive av Karl Øygard, Magnhild Roti og Sverre Myklebust.

På kyrkjeferd i Sogn og Fjordane av Margrethe Henden Aaraas, Torkjell Djupedal, Sigurd Vengen og Finn Borgen Forsund

Skrifter av biskop Fridtjov Birkeli

Kyrkjesoga (1948) av Andersen – Høntorp

«Parti ved Helgheim kirke, Jølster.» Foto: Knud Knudsen, ein gong mellom 1889 og 1893. Frå Marcus-samlinga.



Takk for tida i soknerådet

Som soknerådsleiarar i Jølster har vi (Irene og Astrid) opplevd å vere del av eit godt team. Vi ser verdien av å vere to sokn som har samarbeida godt og hatt god støtte i kvarandre.

Som leiar har ein eit hovudansvar for at oppgåvene til rådet skal bli utførte. Mange av desse sakene har vi handsama på felles soknerådsmøte.

Det har vore interessant og lærerikt å vere leiar. Spannande å få vere med å påverke lokalt. Vi har tre flotte kyrkjer i Jølster og vi er glade for alt arbeidet som har blitt utført i og omkring desse.

Arbeidet har vore gjevande og lærerikt, men også til tider utfordrande og tidkrevjande. Då har det vore godt å få hjelp og støtte frå vår gode prest Silje og alltid hjelpsame Toril på kontoret.

Vi har hatt det sosialt og kjekt i lag. Spesielt kjekt var det at vi på slutten av soknerådssperioden vår fekk oppleve å vere med på innsettjninga av ny biskop, der også HM Kongen var tilstades.

Vi gjekk begge ut av soknerådet no i haust. Irene har vore med i Ålhus sokneråd i 4 år, dei 2 siste åra som leiar. Astrid har vore med i Helgheim sokneråd i 14 år, dei 8 siste åra som leiar.

Vi ynskjer dei nye sokneråda lukke til med det vidare arbeidet for kyrkja i Jølster.

*Med ynskje om ei riktig god jul frå
Irene M. Knapstad og Astrid Aa. Feldt*



Ubeden gjest i kyrkja

Det var ein høgtidsdag like før messetidi i Hegge kyrkje. Mykje folk var komne, og dei sat og venta på at messa skulle ta til. Brått kom det ein svær geitebuk, med store horn, trippande inn i kyrkja gjennom ei sidedør framme ved altartavla. Medhjelparen skulle då prøve å få bukken ut att, men bukken var ikkje så lett å få til å lystre i ein fart. Medhjelparen vart sinna og spente etter bukken der framme ved

altarringen, med det resultat at han fekk foten sin mellom horna hans. Bukken slo opp hovudet med det same, og begge rauk over ende på golvet, med ikkje så lite leven. Bukken remja, og medhjelparen banna. Som ventande var, vart det ikkje så reint lite munterheit i kyrkja etter dette, men bukken fekk dei no omsider ut att, og messe vart det.

(ukjent opphav)





Kva stad tenker nissen på?



Kva song syng borna?

Kva tyder desse orda?

Møleg _____

Tøpse _____

Krekse _____

Gasta _____

Kvæke _____

Dreppt _____

Pylltra _____



Kva heiter jenta?

Frå Afrika til Vassenden



Familien Ahmad, Isak, Aman, Mihiret og Hemen.

I eige hus i Hjellbrekkefeltet bur Aman Beyene saman med kona Mihiret, og borna Hemen og Isak.

Tekst og foto:
GUNINAR SMAADAL

Aman kjem opprinneleg frå Eritrea. Familien flytta frå Eritrea til Addis Abeba der far til Aman starta hotelldrift. Aman arbeidde på hotellet, og hadde særleg ansvar for det økonomiske ved hotelldrifta. Då intern konflikt mellom Etiopia og Eritrea utvikla seg til krig mellom landa, vart eritrearane i Etiopia forvist tilbake til landet sitt. Aman lika dårleg det diktaoriske styret i Eritrea, så han reiste til Sudan. Derfrå vart ei reiserute planlagt over Etiopia til Nederland og vidare til Noreg. Etter ankomst til Oslo, vart Aman sendt til eit asylmottak på Voss. Her var han i 9 månader, før han i 2010 fekk tilbod om Jølster som bustadskommune. Aman ville helst ha opphald i Oslo, men måtte ta til



Velkommen til julefestar.

Julefestar i Jølster

Julefesten er open for alle, men dei som er 6 og 7 år er spesielt invitert, og får invitasjon i posten. I jula feirar vi Jesu fødsel og på julefesten får du høyre meir om då Jesus kom til jorda. Du får vere med å gå rundt juletreet, syngje julesongar, og du får ete god mat.

Skei Misjonshus 3. juledag (27.12.2023) kl.17:00
Vassenden kyrkjesenter 4.juledag 28.12.2023 kl.17:00

Håpar vi ser dykk! Velkomen og god jul.

Helsing Helgheim og Ålhus sokneråd v/trusopplæringsutvalet.

EIN Plass  FOR ALLE
Born og unge i kyrkja i Jølster



takke med vesle Jølster. Dette var ein brå overgang for ein som var van med yrande folkeliv i millionbyen Addis Abeba.

Aman reiste fleire gonger tilbake til Etiopia på besøk, og

møtte såleis Mihiret der i 2012. Det var under ei tilstelling på ei kyrkje i Addis at han møtte henne.

Mihiret vaks opp ca to mil frå hovudstaden Addis. Etter endt

grunnskulegang og vidaregåande skule, studerte ho ved universitet og tok språklærareksamen. Etter å ha undervist i ungdomsskule, tok ho masterutdanning i språk ved universitetet, og vart no språklærer på vidaregåande skular.

Etter at ho møtte Aman, gifta dei seg i 2014 og fekk dottera Hemen som vart fødd i Addis Abeba.

Det vart no ei travel og spennande tid for Aman. Han tok til på den krevjande søknadsprosessen om å få familiegjenforeining med Mihiret og Hemen.

Med god hjelp frå gode vener vart det endeleg slutt på den lange, møysamelege prosessen med søknadspapir, og Mihiret og Hemen kom til Vassenden i 2017.

Aman hadde no fått seg jobb som reinhaldar på Vassenden skule. I tillegg vart han tilsett som kyrkjetenar i Ålhus og reinhaldar på Vassenden kyrkjesenter. Han hadde såleis ei inntekt som vart kravd for å få familiegjenforeining.

Mihiret kom snart inn i miljøet på Vassenden. Ho og syntest det var lite og stille i forhold til det ho var van med i Addis.

Men ho gjekk på norskkurs i Forde, var innom Vassenden skule som assistent og lærte fort språket. Ho var heldig og fekk eit vikariat som assistent i Langhaugane barnehage, noko som førte til at ho no har fast stilling i barnehagen.

I 2017 fekk Aman og Mihiret ein son, Isak, og familien på fire trivst svært godt på Vassenden.

Aman framhevar at trivselen skuldast den gode hjelpa og støtten han har fått frå gode vener i nærmiljøet. Mihiret er og svært takksam for måten ho er blitt motteken på, både privat og på dei arbeidsstadene ho har vore.

Etter lange reiser og lange prosessar med mykje uvisse, er det noe ein lukkeleg kjernefamilie som trivest og har funne seg vel til rette på Vassenden.



JØLSTER
KFUK-KFUM-speidarar

Informasjon om flaskeinnsamling i Helgheim sokn fredag 5. januar 2024

Speidargruppa vil også i år ha si vanlege flaskeinnsamling like etter nyttår.

Vi planlegg å gjennomføre innsamlinga fredag ettermiddag /kveld 5. januar.

Om du ynskjer å gje flasker, men ikkje vil ha folk på døra kan du setje fram flaskene på førehand.

Speidargruppa vil ynskje alle i Jølster ei **GOD JUL** og eit **GODT NYTT ÅR**.

Takk for samarbeid og velvilje i året som er gått!

**Velkomne til
speidargruppa sin årsfest
søndag 14. januar kl. 17
på Thon Hotel Jølster**

Alle er velkomne på Årsfesten, både speidarfamiliar og alle andre. Det vert litt program, andakt, opptak av nye speidarar, loddsal, kaffi, saft og mat.

Større enn Vårherre

Han List–Ola var velkjend over heile Sunnmøre for dei kvasse svara sine og for skrøne. Sjølv såg har ut som eit skogstroll, med stridt hår og store framtenner.

Ein gong held ha på med å vole taket på gamle bedehuset på Hareid. Nett den dagen slumpa overingeniøren til å komme framom. Han tykte huset stod for nær vegen, og ville ha det flytta.

– No kven er det som eig dette huset her? Sa ingeniøren til Ola – Det står for nær vegen.

Eig, farr? Sa ha Ola. – Nei, du, det er vanskeleg å seie det, du. Det er både ei allemannseige og ei ingenmannseige, eit interessentskap og eit uansvarleg selskap.

Overingeniøren såg stivt på Ola og meinte han held ap med han. Difor sa han kvast:

– Kva er det eg høyrer? Seier mannen du til meg – eg sa ikkje du til dykk!

Ola stussa litt. Han var ikkje van å seie anna enn du til folk. Men så vart Ola sint. Han spytta langt og sa: – Du til meg, og du til deg. Seier vi ikkje «fader vår du som er i himmelen»? Er du større enn han med, du, kanskje?

Det vart ikkje sagt meir.

Klipp frå 70 år sidan.

ORDTAK

Ordtak var vanleg å bruke før. No held dei på å gå ut av tida, det fekk ein sjå då dagsrevyen var ut og gav folk deler av eit ordtak og bad dei fyllføre det. Det var få eller ingen som greidde å fullføre rett og det er synd for det ligg mykje til ettertanke bak eit godt ordtak. Vi vil her i bladet av og til take med nokre ordtak, for å sjå om vi kan auke forståing for bruken og interresen. Ordtak kan og vere grunnlag for diskusjonar, då det ikkje alltid er like naturleg kva ein meiner med det som vert sagt.

1. Halv sanning er heil løgn.
2. Eg gjev meg, så kan du ha urett.
3. Tek sinnet deg, har du tapt striden
4. Ein lyt mangt i naud nytta, sa mannen, han turka av bordet med kjetta.
5. Ho sig vel alltid ned sa mannen, han sette bota ovanfor holet då han skulle bøte buksa.
6. Når ulukka er ute, er det best å vera inne.
7. Det er det ein et etter ein er mett, ein vert feit av.
8. Den vise fortel det han ser, den dumme det han har høyr.
9. Det er lukka som gjer at toskan vert gamal.
10. Det tek då av for noko sa mannen, han bar støvlane på ryggen i regnværet.
11. Lær guten vegen han skal ganga, så vik han ikkje frå han, jamvel når han eldest.
12. Med visdom byggjer ein hus, og med vit tryggjer ein det.

GÅTER

1. Kva byrjar natta med, som dagen sluttar med?
2. Kva kan vere i ei tom lomme?
3. Kva er det ei mus kan dra like lett som ein elefant?
4. Kva er det som går rundt og rundt og lagar egg?
5. Ein mann bygde seg eit firkanta hus der alle sidene var vende mot sør. Det gjekk ein bjørn forbi – kva farge hadde han?
6. Ein bussjåfør kom nedover ei gate. Han sneia forbi eit stoppskilt, utan å stanse. Der det var innkøyring forbode, tok han likevel inn til venstre. Han passerte ein politibil på feil side av gata. Likevel braut han ikkje ein einaste trafikkregel. Korleis kan det ha seg?
7. I juleferien kjem du på hytta og oppdagar at du berre har ei fyrstikke att. I hytta er det ein peis, ei parafinlampe og eit stearinlys. Kva tenner du først?
8. du jagar meg, og eg jagar deg. Du når meg aldri, og aldri når eg deg. Det kan aldri skje at vi to – bror og syster – møtest!
9. Vi er ein – men også to. Når vi arbeider saman, deler vi alt vi får.
10. Kva er det som går ut og inn, men aldri kjem til døra?



SVAR FORT:

Utanfor stoveveggen min står eit lønnetre som har 25 greiner. Første veka i mai kvart år er det 20 blad på kvar grein, og talet fordoblar seg for kvar veke framover. Kor mange blad er det på treet etter sju månader? (Du får berre eitt minutt til å tenkje deg om)

Mange sysken

- Kor mange sysken har du? spurde læraren ein elev.
 – Vi er seks gutar, og kvar av oss har ei syster, svara Knut.
 – Det var då ein stor syskenflokk, sa læraren.
 Veit du kor mange dei var i alt?

Taleråd

Eit råd til dei som skal halde tale
 Og vil bli hugsa som originale:
 Legg meste arbeid på start og slutt
 Og mellomrommet bør vere stutt!



EIN Plass FOR ALLE

Born og unge i kyrkja i Jølster

VI INVITERER TIL DESSE TRUSOPPLÆRINGSSAMLINGANE
for born og ungdom til hausten. *Nokre gongar er det påmelding.*

- **3. juledag**
Juletefest på Skei misjonshus (gratis inngang for 1. og 2. klassingar i Helgheim sokn)
- **4. juledag**
Juletefest på Vassenden kyrkjesenter (gratis inngang for 1. og 2. klassingar i Ålhus sokn)
- **28.01.**
Familiegudsteneste med utdeling av actionbibelen til 5. klassingar kl. 11.00 i Helgheim kyrkje (med to måndagssamlingar etter skuletid på misjonshuset i forkant av gudstenesta)
- **11.02.**
Familiegudsteneste med utdeling av actionbibelen til 5. klassingar kl. 11.00 i Ålhus kyrkje (med to måndagssamlingar etter skuletid på Vassenden kyrkjesenter i forkant av gudstenesta)
- **24.03**
Familiegudsteneste med utdeling av påskekalender til 2. klassingar frå heile Jølster i Helgheim kyrkje kl 11 (to måndagssamlingar i forkant, på Skei misjonshus for Helgheim sokn og på Vassenden kyrkjesenter for Ålhus sokn)
- **25.-26 mai.**
Tårnagenthelg for 3. klassingar i heile Jølster i Helgheim kyrkje

AV FASTE TILBOD FOR BARN OG UNGDOM HAR VI:

- **VaBa-klubb** på Vassenden kyrkjesenter kl.17.15 – 18:30 (annankvar måndag)
- **Babysong** på Vassenden kyrkjesenter kl. 13.00 (annankvar torsdag)
- **Torsdagsklubb** på Skei misjonshus kl.17.30 – 18.45 (annankvar torsdag) – 4 år og oppover
- **Speidargruppe** på Skei onsdagar på Skei misjonshus - 6 kl og oppover
- **Klubbkveldar** på Vassenden kyrkjesenter for konfirmantar



Sjå www.kyrkja.no/jolster for informasjon når det nærmar seg.

Hjarteleg velkomen!



TIDEBØN

Tidebøn kvar tysdag kl. 11:00
Vassenden kyrkjesenter
unnateke dersom gravferd

Bibeltimar i fastetida – Sunnfjordkyrkja

22.02 kl.19:00 Sande kyrkje
29.02 kl.19:00 Naustdal kyrkje
07.03 kl.19:00 Forde kyrkje
14.03 kl.19:00 Vassenden kyrkjesenter

Det som er skrivt er gøymt.
Det som er sagt er gløymt.

- Ivar Aasen -

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 14 i stova på
**VASSENDEN
OMSORGSSENTER**



Fyrste og tredje tysdag
kvar månad.

5. des og 19. des
2. januar og 16. januar
06. februar og 20. februar
05. mars og 19. mars

Alle er velkomne!

Helsing
organist Rune Molvik og
prestane Silje og Rigmor

SONGSTUND OG ANDAKT

Klokka 16.30 i stova på
SKEI OMSORGSSENTER




Fyrste og tredje tysdag
kvar månad.

5. des (nattverd) og 19. des
2. januar og 16. januar
06. februar og 20. februar
05. mars og 19. mars

Alle er velkomne!

Helsing
organist Rune Molvik og
prestane Silje og Rigmor

SPAR 
NETTBUTIKK
Alltid same pris
på nett som i butikk

VI HANDLAR FOR DEG!
Bestill på nettbutikk.spar.no
Hent varene ferdig pakka hos
SPAR Jølstraholmen eller
få dei levert på døra.



skei@audhild-viken.no
Tlf. 57 72 81 25



MASKINENTREPRENØR

Ottar Dvergsdal AS

952 00 433



EIN SMAK AV TRADISJON
frå Anne Grete og Hilde

Søgnessand • 6843 Skei
Tlf. 951 10 688 / 948 97 236



COOP MARKED VASSENDEN

Måndag–fredag: 8–20
Laurdag: 8–18

Tlf: 57 72 72 00
vassenden@marked.coop.no



COOP PRIX SKEI

Måndag–fredag: 8–22
Laurdag: 8–21

Tlf: 57 72 83 77
prix@coop.no

nordfjord SKIFER *Naturstein av høg kvalitet*

Tlf. 57 72 70 16 / 917 63 804

VESTLAND
ELEKTRO OG RØR

Avd Jølster • Vikavegen 104, 6843 Skei
TLF 57 72 63 60 / 916 56 542 • EPOST svein@vestlandgruppen.no



Tlf. 57 82 70 30 • fjordan.no • eirik@fjordan.no

Fjordamat Tunet
- kurs og oppleving

Støfvingdal • Tlf. 951 46 531 • fjordamattunet.no

ENTREPRENØR
Ivar A. Sunde AS 
6847 Vassenden

BOSCH Service **Jølster Bil AS**
www.jolsterbil.no Tlf. 57 72 68 90

VASSENDEN TAXI

mob. 482 10022

Drosje, rullestolbil og minibuss



Åsen & Øvrelid as

Tlf. 57 72 38 50



Hytter, bubilplasser, båter, kajaker, fiskeutstyr, mm.
Tlf 920 62 203 Mail: post@jolvassbu.no

MASKINENTREPRENØR
Jostein Sunde As
jostein-sunde.com

Graving Boring Sprenging Transport Steinmassar Kontainerutleige

post@jostein-sunde.com Tlf. 57 72 73 00

JØLSTER
BYGG OG INTERIØR

Tlf: 57 72 74 15 • www.jolsterbygg.no • Besøk oss på Facebook



ALF HELGHEIM & CO AS

6843 Skei i Jølster
Tlf. 57 72 83 11
post@alfhelgheim.no
www.alfhelgheim.no



FOTO • UR • GULL • SØLV • MUSIKK

**TRENG DU NOKON Å
SNAKKE MED?**

Nokre som ringer tenkjer på å ta sitt eige
liv, andre er usikre, einsame eller redde.
Nokre treng berre å slå av ein prat.

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
MELDING

SOS
CHAT

**KIRKENS
SOS**

Kyrkja er vår heim



DESEMBER

1. SUNDAG I ADVENT, SØNDAG 03.12
Ålhus kyrkje kl. 11:00

Familiiegudsteneste med dåp med utdeling av 6-årsboka

Helgheim kyrkje kl. 20:00

Lysmesse, ungdomsgudsteneste, konfirmantane og speidarane deltek.

2. SUNDAG I ADVENT, SØNDAG 10.12

Førde grendahus kl. 11:00

Familiiegudsteneste, Adventsgudsteneste

LUCIADAGEN, ONSDAG 13.12

Vassenden kyrkjesenter kl. 09:15

Skulegudsteneste

TORS DAG 14.12

Helgheim kyrkje kl. 10:00

Julevandring, for barnehagane

Ålhus kyrkje kl. 13:00

Juleforteling for barnehagane

3. SUNDAG I ADVENT, SØNDAG 17.12

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Gudsteneste med nattverd

24.12 JULAFTAN

Helgheim kyrkje kl. 14:00

Vassenden kyrkjesenter kl. 16:00

Familiiegudstener

25.12 JULEDAG

Ålhus kyrkje kl. 12:00

Høgtidsgudsteneste

31.12 NYTTÅRSNATT

Midnattsgudsteneste

Ålhus kyrkje kl. 23:15

JANUAR

KRISTI OPENBERRINGSDAG,
SØNDAG 07.01.

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Gudsteneste

2. SUNDAG I OPENBERRINGSTIDA
SØNDAG 14.01.

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

3. SUNDAG I OPENBERRINGSTIDA
SØNDAG 21.01

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste med dåp

SÅMANNSSUNDAGEN,
SØNDAG 28.01

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Familiiegudsteneste med utdeling av actionbibelen til 5.klassingar

FEBRUAR

KRISTI FORKLÅRINGSDAG, SØNDAG 04.02

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Gudsteneste / Festivalgudsteneste i samband med KFUK-KFUM sitt vinter-treff for ungdom)

SUNDAG FØR FASTE, SØNDAG 11.02

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Familiiegudsteneste med utdeling av actionbibelen til 5. klassingar.

ASKEONSDAG 14.02

*Førde kyrkje kl. 19:00

Skriftemålgudsteneste

1. SUNDAG I FASTETIDA 18.02

Helgheim kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

2. SUNDAG. I FASTETIDA 25.02

*Førde kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

MARS

3. SUNDAG I FASTETIDA, SØNDAG 03.03

Vassenden kyrkjesenter kl. 11:00

Gudsteneste

4. SUNDAG. I FASTETIDA – SØNDAG 10.03

Skei Misjonshus kl. 14:00

Familiiegudsteneste. Basar på Misjons-
huset etter gudstenesta.

TORS DAG 14.3

Vassenden kyrkjesenter kl. 19:00

Bibeltime og gospelkveld

MARIA BODSKAPSDAG 17.03

Ålhus kyrkje kl. 11:00

Gudsteneste

*gudstener i andre kyrkjer i Sunnfjord Prosti.

Døypte



ÅLHUS SOKN

Ålhus kyrkje

08.10 Oline Fenstad Øvrebø

Vassenden kyrkjesenter

22.10 Magne Lorgen Kvammen

HELGHEIM SOKN

22.10 Leah Emilie Kjelsnes

12.11 Jakob Helgheim Sunde

12.11 Tuva Brendsdal-Sannarnes

Gravlagde



ÅLHUS SOKN

Vassenden kyrkjesenter/
Vassenden gravplass

09.11 Therese Øvrebø

23.11 Jorhild Rochleng

HELGHEIM SOKN

14.11 Oddmund Grepstad

KONSERTAR I DESEMBER

LAURDAG 2. DESEMBER

kl. 18:00 Helgheim kyrkje

Kvinnekorset Kvitre

TORS DAG 7. DESEMBER

kl. 18:30 Ålhus kyrkje

julekonsert med Jølster

Barnegospel

SØNDAG 10. DESEMBER

Vassenden kyrkjesenter, kl. 17:00

Jølster Musikklag

ONSDAG 20. DESEMBER

Helgheim kyrkje, kl. 19:00

Den årlege julekonsert med lokale aktørar.

Til Johanne

Du gav meg eit juleminne som ikkje falmar, og no vil eg dele det minnet med fleire.

Julekvelden er både god og strevsam for dei som har stor familie og gard, og det hadde du, Johanna. Du laga jul for deg og dine slik alle dine vil hugse deg. Men du gjorde òg noko som svært få i di tid ville funne på, men som for oss som opplevde det, fann hygge i, og som skapte ein tradisjon.

Då eg vaks opp, var det ikkje vanleg å gå på vitjing etter at jula var ringt inn julekvelden. Då skulle kvar og ein få vere saman med sine utan å bli uroa. Juledag skulle ein òg halde seg heime, dette var opplese og vedteke i dei bygder eg kjende som jente.

Men, det er alltid nokon som tek sjansen på å bryte litt med innarbeidde tradisjonar, og slik var det med deg, Johanne.

Etter at julemiddagen, gang rundt juletreet og gäve-oppaking var unnagjort, nærma det seg midnatt, ei magisk tid på julekvelden. Då kom det brått eit lys ned bakken ut forbi huset der eg og familien budde. Det knyter seg mange historier til julekvelden både om nissar og underjordiske som kunne dukke opp. Så den første jula vi opplevde lyset nærme seg huset

vårt, var vi litt usikre på kva som skjedde. Og det gjekk berre ei lita stund før det banka på døra. Eg følte at det ikkje var nokon som hadde lyst til å late opp, men til slutt vart det slik rabalder i gangen at mamma gjekk ut. Der stod nabokona, tante Johanna, saman med barneborn. Sjølv sagt skulle dei komme inn.

Det gjekk rimeleg fort å få på kaffien og finne fram julekaker og anna godt, for dei som kom på vitjing i jula, kunne ikkje gå utan å få noko. Gjorde dei det, tok dei jula med seg, og det kunne ein ikkje late skje.

Praten og historiene låg lovleg laust hjå oss som var samla, og du Johanna laga historier som småskremde oss borna litt, og kan hende deg sjølv og. Både du og vi tykte det var triveleg med det småskumle. Om det var sant eller oppdikta, var ikkje så farleg.

Desse midnattsamlingane julekvelden hjå oss med deg og nokre av dine til stades, varde om lag så lenge du levde. Siste jula eg/mi familie hugsar du kom, vart du køyrd frå dør til dør av eit barnebarn, til glede for alle.

Takk for flotte minne, Johanna (som gjekk bort for ein del år sidan). Minna lever.

Eit juleminne



Hildegunn

